

Fra: Elin Golten (Elin.Golten@hfk.no)
Sendt: 17.08.2015 09:39:53
Til: Elin Golten
Kopi: Lena Jensen Glesnes; Herdis Moldøen

Emne: Prisførespurnad - profilering av utlån av e-media i biblioteka i Hordaland
Vedlegg: Profilering av e-utlån_utdrag prosjektplan.docx;image003.png

Hei,

Hordaland fylkesbibliotek ønskjer å profilere utlån av e-media i biblioteka i Hordaland (utanom Bergen). Dette er ei relativt ny bibliotekteneste, og det er mange som ikkje kjenner til at biblioteka har utlån av e-bøker/e-media. Vi ber om eit pristilbod frå dykkar firma på dette oppdraget. Vedlagt er utdrag frå prosjektplanen vår for profilering av e-utlån, der de finn utfyllande opplysningar om kva vi ønskjer oss i samband med dette.

Hovudbodskapan vil vere å gjere folk flest klar over at biblioteka driv utlån av e-media, at tilbodet er gratis, og at ein kan gå til biblioteket sitt for å få hjelp og informasjon. Vi ser for oss at profileringa skal vere visuell, gjerne med gode foto som illustrerer mangfaldet i tenesta. Det finst ein del tekst (slagord osb.) til profilering utarbeidd frå før her i Hordaland eller frå andre nasjonale prosjekt som er mogleg å byggje på. Vi ønskjer innspel frå dykk på korleis, kor lenge og kva omfang vi bør profilere.

Profileringa skal vere uavhengig av teknisk system for utlån, men for å få eit bilde av dagens teneste, kan de gå inn her: www.elanhordaland.no og/eller laste ned appen BS Weblån i AppStore (berre for IOS).

Kontaktperson for evt. spørsmål er underteikna. Vi ønskjer tilbakemelding innan 31. august 2015.

Venleg helsing

Elin Golten
Spesialrådgjevar
Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 73
www.hordaland.no